



**Utvalg:** Kontrollutvalet i Stord kommune  
**Møtestad:** Formannskapssalen, Stord rådhus  
**Dato:** 15.05.2018  
**Tidspunkt:** 14:00 – 17:00

### Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Fredrik Litleskare	Leiar	H
Peggy Husevik Bærøy	Nestleiar	V
Tarjei Haga	Medlem	AP
Anna Herborg Førland	Medlem	AP

### Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Odd Ståle Larsen	Medlem	FRP

### Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
Nils Gunnar Waage	Odd Ståle Larsen	FRP

### Merknader

Peggy Husevik Bærøy møte kl. 14.10. Det var varsla på førehand.  
Ho deltok i avrøystingar fom. sak PS 27/18.

### Andre som møte:

Navn	Stilling
Magnus Mjør	Rådmann (sak PS 28/18 – PS 29/18)
Hege Etterlid	Økonomisjef (sak PS 28/18 – PS 29/18)
Willy Hauge	Partner i KPMG AS (tom. sak PS 29/18, og PS 33/18 del 1)
Line Margrethe Johansen	Forvatningsrevisor i Deloitte AS (sak PS 27/18)
Hogne Haktorson	Kontrollsjef, Hordaland fylkeskom., sekret. for kontr.utv

Fredrik Litleskare  
utvalsleiar

Hogne Haktorson  
utvalssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 25/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 26/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 27/18	Forvaltningsrevisjonsrapport - Prosjektstyring og oppfølging av investeringar		2017/17
PS 28/18	Årsrekneskap for Stord hamnestell for 2017 - Uttale frå kontrollutvalet		2015/178
PS 29/18	Årsrekneskap Stord kommune for 2017 - Uttale frå kontrollutvalet		2015/178
PS 30/18	Klage på innhabilitet i forvaltningsstyret - orienteringssak		2016/91
PS 31/18	Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune		2015/177
PS 32/18	Referatsaker		
RS 11/18	Forum for Kontroll og Tilsyn - medlemsinfo mai 2018		2017/94
PS 33/18	Eventuelt		

### PS 25/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 15.05.2018

##### Handsaming i møtet:

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste.

##### Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

### PS 26/18 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

#### Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 15.05.2018

##### Handsaming i møtet:

Det framkom ikkje merknader til protokoll frå møte 18.04.18.

##### Vedtak:

Protokoll frå møte 18.04.18. vart godkjent.

## **PS 27/18 Forvaltningsrevisjonsrapport - Prosjektstyring og oppfølging av investeringar**

### **Forslag til innstilling**

1. Kommunestyret ber rådmannen syta for å følgja opp dei 11 tilrådingane inkl. underpunkt, slik dei står oppført i forvaltningsrevisjonsrapport om prosjektstyring og oppfølging av investeringar, kapittel 6 om konklusjon og tilrådingar.
2. Kommunestyret ber og om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.10.2018, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 15.05.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Forvaltningsrevisor i Deloitte AS, Line Margrethe Johansen, presenterte rapporten og svara på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling:**

1. Kommunestyret ber rådmannen syta for å følgja opp dei 11 tilrådingane inkl. underpunkt, slik dei står oppført i forvaltningsrevisjonsrapport om prosjektstyring og oppfølging av investeringar, kapittel 6 om konklusjon og tilrådingar.
2. Kommunestyret ber og om at rådmannen lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.10.2018, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## **PS 28/18 Årsrekneskap for Stord hamnestell for 2017 - Uttale frå kontrollutvalet**

### **Forslag til uttale**

1. Kontrollutvalet støttar KPMG i deira brev til leiinga nr. 01 om at Stord Hamnestell så fort som mogleg må rette opp i tilhøvet rundt for lite betaling av utgåande meirverdiavgift til Skatteetaten.
2. Kontrollutvalet støttar seg elles til KPMG sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord hamnestell for året 2017, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
3. Uttalen vert send kommunestyret via formannskapet

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 15.05.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Økonomisjef Hege Etterlid orienterte om årsrekneskap 2017 for Stord hamnestell.

Revisor Willy Hauge gav utfyllande informasjon

Rådmann Magnus Mjør slutta seg til møtet, og supplerte med opplysningar.

Kontrollutvalet merka seg hendinga med for lite betaling av utgåande meirverdiavgift til Skatteetaten.

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale:**

1. Kontrollutvalet støttar KPMG i deira brev til leiinga nr. 01 om at Stord Hamnestell så fort som mogleg må rette opp i tilhøvet rundt for lite betaling av utgåande meirverdiavgift til Skatteetaten.
2. Kontrollutvalet støttar seg elles til KPMG sin uttale om den økonomiske situasjonen for Stord

- hamnestell for året 2017, og har ikkje øvrige merknader til denne enn dei som er omtalt i saksframlegget.
3. Uttalen vert send kommunestyret via formannskapet

## **PS 29/18 Årsrekneskap Stord kommune for 2017 - Uttale frå kontrollutvalet**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Stord kommune sin årsrekneskap 2017.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 15.05.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Rådmann Magnus Mjør og økonomisjef Hege Etterlid orienterte om årsrekneskap 2017 for Stord kommune.

Rådmannen opplyste om einskiltpostar, både gjeldande overskridingar og mindreforbruk.

Revisor Willy Hauge let vel om at Stord kommune har ein god økonomiavdeling.

Kontrollutvalet drøfta saka.

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

#### **Uttale:**

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Stord kommune sin årsrekneskap 2017.

## **PS 30/18 Klage på innhabilitet i forvaltningsstyret - orienteringssak**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

### **Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 15.05.2018**

#### **Handsaming i møtet:**

Sekretariatet orienterte om henvendinga og kva ein har føreteke seg relatert til denne saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

## **PS 31/18 Gjennomgang av møteprotokollar i Stord kommune**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

## Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 15.05.2018

### Handsaming i møtet:

Drøfting rundt nokre einskiltsaker, men det vart ikkje funne noko som kontrollutvalet meinte burde følgja opp no.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

## PS 32/18 Referatsaker

## Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 15.05.2018

### Handsaming i møtet:

Vedtak i saka var samrøystes.

### Vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.

## PS 33/18 Eventuelt

## Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Stord kommune - 15.05.2018

### Handsaming i møtet:

#### 1) Forvaltningsrevisjon av offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging

Partner Willy Hauge i KPMG AS gav orientering om status i arbeidet.

- Her kom fram at revisor no har motteke etterspurt og tilgjengeleg dokumentasjon frå kommunen sin administrasjonen, innafor problemstillingane i prosjektet.
- KPMG vurderer det no slik at revisor blir ferdig med endeleg rapport til avtalt tid.

#### 2) Henvendingar.

Sekretariatet orienterte om munnleg henvending. Avventar om det kjem noko skriftleg.

Vedtak i saka var samrøystes.

### Vedtak:

Kontrollutvalet tar informasjonen til orientering.